

Thomas Borlaug  
Langheiane 20  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8013 - 21/26484

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
[mikkel.bengtsson@alver.kommune.no](mailto:mikkel.bengtsson@alver.kommune.no)

Dato:  
20.04.2021

## **Avslag på søknad til skadefelling av hjort - gbnr 122/2**

**Administrativt vedtak: Saknr: 490/21**

### **VEDTAK:**

Med heimel i naturmangfaldlova § 18 fjerde ledd gjev Alver kommune med dette Thomas Borlaug, gbnr: 122/2, Lindås hjortevald, avslag på søknad om skadefelling av hjort.

### **Saka gjeld:**

Thomas Borlaug søker i brev dagsett 16.04.2021 om løyve til skadefelling av hjort på gbnr: 122/2. Der vises til ein del skade på slåttemark, gjerde og store brunstgropar som må fyllast i før eventuell hausting av grovfôr. De store mengder av hjort gjør det på sikt vil bli stor nedgang i produksjon av grovfôr. Perioden for skade er heile året og forårsakes av opptil 30 dyr. Eiendommen har vert plaget av skader fra hjort tidligere år. Det opplyses at det vert utført skremming av hjort på fleire måter.

Det har vert søkt om skadefelling av hjort i tidligere år.

Eiendommen er del av hjortevaldet Lindås hjortevald, vald id: 4631V0052.

### **VURDERING:**

Naturmangfaldlova § 18 fjerde led gjev kommunen ret til å gje løyve til uttak av hjortevilt som gjer skade på objekt definert i § 18 første led bokstav b.

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7.

Prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Igjennom fleire år har det i dei gamle kommunane som utgjer Alver kommune sett tendensar til auke i hjortebestanden og beiting av hjort påfører jordbruket betydeleg økonomisk tap mange stader i kommunen. Likeeins er det ein vesentleg hindring for kvalitetsmessig forynging av skog og oppfylling av foryngingsplikta i skoglovas §6 samt at det kan utvikla seg til ein fare for naturmangfaldet gjennom overbeiting. Hjortebestanden er levekraftig, men med skeiv kjønnssammensetning og fallande slaktevekt blant unge dyr. Landbrukskontoret

vurderer kunnskapsgrunnlaget om hjortebestanden som middesl. Alver kommune har 25.06.2020 vesentlig redusert minstearealet for hjort for å auka avskytinga i området. Hjortejakta i kommune foregår i stor som bø jakt for å beskytte avling og ta ut problemdyr i ordinær jakttid.

Grunneigar har saman med viltansvarleg i kommunen vore på synfaring på bruket 13.04.2021 der avlings skada bleiv registeret og lovverk kring skadefelling vart diskutert. Det vart registrert trafikkskader av lett grad av hjort på slåttemarka og beitetrykket var høgt vurdert utfra tidspunktet på året. Hjorten har anlagt 2 brunstgropar av cirka 2x2 meter på bøen. Bruket er i gårdskart registrert med 83,4 daa fulldyrka/ overflatedyrka jord. Det var spreidd mør med redusert spreieareal grunna vatn på bøen.

Lindås hjortevald har igjennom fleira år oppnått middels fellingsprosenter. Kommunen vurderer at skaden ikkje er akutt oppstått men forårsaka av ein lokal for høg vinterbestand av hunndyr med lav produksjon. Kommunen begrunner avslaget til skadefelling av hjort utenom ordiner jakttid med at andre tiltak som er rimelige og relevante for løysing av det konkrete problemet ikkje er fullt utprøvd. Det vert oppfordra til i kommende jaktsesong at grunneier i samarbeide med hjortevaldet auker det mogelege uttak gjennom ordinær jakt i lokalområdet med fokus på at ta ut problemdyrea via høg jaktintensitet på bøen.

Der er fra kommunens side sendt forhåndsavslag på søknad fredag 16.04.2021 slik at grunneigar kan oppjustere skadeforebyggende tiltak raskast mogeleg.

#### **Regelverk**

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfold.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttा fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### **Mottakarar:**

Thomas Borlaug

Langheiane 20

5914 ISDALSTØ

---

-----

**Side 3**  
20/8013 - 28